



DEN NORSKE KYRKJA

Leikanger sokneråd

Leikanger 25.mai 2021

Referat frå møte i Leikanger sokneråd 25. mai 2021

Til stades: Signe Eikenes, Elin Borlaug Haug, Ida Jørstad Røysum og Vegard Bondevik Lie. I tillegg var studentane frå HVL Sosialt arbeid, Tina og Frida, med som observatørar. Dei er i praksis på kyrkjekontoret.

Sakliste:

Sak 26/21 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte
Innkallinga og referatet frå førre møtet vart godkjent.

Sak 27/21 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

- Ingen skriv til dette møtet

Møtebok

- Referat frå gruppeleiarsamling 20.april (vedlegg)
- Referat frå møte i diaconiutvalet 20.april (vedlegg)

Andre skriv

Meldingar

Orienteringar:

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard: Det har vore to konfirmasjonsgudstenester, gudsteneste 17.mai etter kransepålegginga og to ordinære gudstenester sidan sist. For å kunne synge saman i kyrkja kan vi berre sitje på kvar 3.rad. Dette har gått fint.
- Orientering om økonomisk status: Den økonomiske stoda for Leikanger sokneråd er relativ grei. Naturleg nok er det mindre pengar som kjem inn på ofring enn vanlege år. Saldo på driftskonto Sokneråd er på kr. 162 701,58. Saldo på Kyrkjelydshuskontoen er på kr. 334 269,66. ved utgangen av april. Det er kome mest pengar inn på kyrkjelydsbladet denne månaden, Kirsti har overført vidare til bladkontoen.
- Biskopen sin arbeidsmiljøprosess med dei tilsette: Dei er i ein prosess, den har ikkje gjeve konkrete resultat så langt.

Sak 28/21: Ny representant til trusopplæringsutvalet og redaksjonen til kyrkjelydsbladet

Saksframstilling:

Hege Feet Askvik har vore Leikanger sokneråd sin representant i trusopplæringsutvalet og redaksjonell medlem av kyrkjelydsbladet. Hege blir nå pensjonist og flyttar frå bygda etter sommaren. Vi må difor finne erstattarar for Hege i desse to verva.

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak, vi drøftar forslag til kandidatar på møte.

Elin og Ida har fått spørsmål om å vere representant i trusopplæringsutvalet. Ingen av dei har kapasitet til å ta på seg vervet no.

Vedtak:

Soknerådet må finne kandidatar til desse verva. Signe spør Bjørn Sølsnes om å gå inn i redaksjonen til kyrkjelydsbladet. *I etterkant har Anita Instefjord takka ja til vervet som representant i trusopplæringsutvalet, under føresetnad av at ho ikkje blir leiar. Bjørn Sølsnes vil ikkje gå inn redaksjonen til kyrkjelydsbladet no. Soknerådet må saman med redaktør Sigrid Svartefoss kome med forslag til nytt medlem.*

Sak 29/21: Møteplan for soknerådet hausten 2021

Saksframstilling:

Forslag til møtedatoar for soknerådet hausten 2021

- 17.august kl.13
- 14.september kl.13.45
- 19.oktober kl.13.45
- 23.november kl. 13.45

Framlegg til vedtak:

Soknerådet legg opp til fire møte hausten 2021: 17.august, 14.september, 19.oktober og 23.november.

Vedtak:

Soknerådsmøta blir sett opp i samsvar med forslaget.

Sak 30/21: Markusevangeliet i eit multimedia-konsept med forteljingar, fotografi og fiolin

Saksframstilling:

Violinist og komponist Christian Stejskal har laga eit multimedia-konsept med forteljingar frå Markusevangeliet, fotografi frå dagens Midt-austen og eigenkomponert fiolinmusikk. Sjå vedlegg.

E-post frå Stejskal:

Markusevangeliet er evangelisten Markus` beretning om Jesu `liv og virke.

Evangeliets 16 kapitler kan deles inn i rundt 90 beretninger, assimiler og liknelser, og er det korteste av de fire evangeliene i det Nye Testamentet.

I min multimedia-forestilling forteller jeg Markusevangeliet - tekst tro og uten manuskript.

Jeg har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler, og som jeg viser på en skjerm samtidig som jeg forteller evangeliet.

Fotografiene illustrerer evangeliet med utgangspunkt i om Jesus hadde kommet til et Postmodernistisk Midtøsten i 2020 - med det mener jeg hans første komme, og ikke hans andre.

Dette har jeg satt sammen med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin.

Jeg planlegger en turne i Norge i perioden november 2021 til februar 2022, og det hadde vært hyggelig å gjøre en forestilling hos dere i dette tidsrommet også.

Framlegg til vedtak:

Leikanger sokneråd er positiv til at dette multimedia-konseptet blir sett opp i Leikanger kyrkje.

Vedtak:

Soknerådsleiar melder tilbake til Gitte Torstad at Leikanger sokneråd er positiv til at dette multimedia-konseptet med presentasjon av Markus-evangeliet blir sett opp i Leikanger kyrkje.

Sak 31/21: Ymse

- Rapport frå dugnad på kyrkjegarden (vedlegg). Neste år må vi gjere ein større innsats med å annonsere dugnaden og få fleire med. Det er mange som ikkje er klar over at dugnaden blir gjennomført.
- Kyrkjekaffi – på kva gudstenester skal vi ha dette? Vegard set opp liste og sender over datoar til Tove.
- Status for oppgradering av kyrkjelydshuset – vi tok ein kikk på arbeidet som er gjort. Langeteig er no ferdig med snikkararbeidet, og Tore Oddvin har kalla inn til malar-dugnad.

Referent Signe Eikenes